

# Forskrift om skule- og feriedagar 2025-2026, Stord kommune

## Heimel:

Fastsett av kommunedirektøren 28.11.2024 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 14-1 andre ledd, og delegasjonsreglement frå kommunedirektøren til einingane.

## § 1. Formål og verkeområde

Forskrifta gir informasjon om kva for skule- og feriedagar elevane har skuleåret 2025-2026. Elevane har rett og plikt til å møte på skulen på dei fastsette dagane.

Forskrifta gjeld for elevar ved alle grunnskular i Stord kommune skuleåret 2025-2026.

## § 2. Tabell for skuleruta 2025-2026

Dato	Talet på skuledagar	Ferie/fri/merknad
August	12	11.-13.august elevfri dag / Planleggingsdag 14.august: første skuledag for elevane etter sommarferien
September	22	
Oktober	18	6.oktober-10. oktober: haustferie
November	19	7.november: elevfri dag/ interkommunal planleggingsdag
Desember	15	19.desember: Siste skuledag før juleferie
Januar	19	2.januar: elevfri dag / planleggingsdag.

Dato	Talet på skuledagar	Ferie/fri/merknad
		5.januar: første skuledag etter juleferie 30.januar: elevfri dag / interkommunal planleggingsdag
Februar	15	23.februar-27. februar: vinterferie
Mars	20	27.mars: siste skuledag før påskeferie
April	18	7.april: første skuledag etter påskeferie
Mai	17	1.mai: Fridag 14.mai: Kristi himmelfartsdag (fridag) 15.mai: elevfri dag 25.mai: 2. pinsedag (fridag)
Juni	15	19.juni: siste skuledag før sommarferie
<i>Sum skuledagar</i>	190	

### § 3. Unntak frå skuleruta

Skulen kan gjera unntak frå § 2 i særlege tilfelle for skulen eller for trinn. Unntak skal drøftast i skulen sitt samarbeidsutval (SU). Saken skal sendast til endeleg godkjenning hos kommunalsjef oppvekst og kultur om unntak gjeld heile skulen og avgjerast av rektor dersom unntak gjeld eit trinn. Unntak frå § 2 må fattast som enkeltvedtak.

Unntak må ikkje strida med opplæringslova § 14-1 første ledd. Opplæringa skal strekkje seg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker. Det treng ikkje å vere 38 veker samanhengande opplæring, og det treng ikkje å vere opplæring alle dagane i veka. Kravet i lova inneber at elevane skal ha minimum 190 skuledagar. Det må vera skuledagar på dagar der det skal gjennomførast nasjonale prøver og eksamen.

### § 4. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft 1.august 2025.